



Formål:	Dato:
Arbeidsmøte – naturfagleg grunnlagsrapport	12.05.2021
Til stades:	
Giske kommune: Per Inge Aakvik Møre og Romsdal fylkeskommune: Arve Slettvåg, Johnny Loen, Synnøve Valle Fiskeridirektoratet: Ole-Einar Jakobsen Møre og Romsdal fiskarlag: Bjørn Kåre Steinnes Salmar Farming/Sjømat Norge: Trond Baarset Dupont Nutrition Norge AS: Harald Bredahl Statsforvaltaren i Møre og Romsdal: Bjarne Otnes, Magnus Tornes, Ola Betten	
Referent:	
Bjarne Otnes	

Referat frå møte om naturfagleg grunnlagsrapport frå Akvaplan-niva – marin verneplan Giske

Innleiing

Bjarne Otnes gjekk først i møtet gjennom hovudtrekka i Akvaplan-niva (A-n) sin rapport, med hovedvekt på naturverdiar og forslag til sonering. I tillegg gir rapporten ei oppsummering av kjent kunnskap om erosjonsdempande effekt av tareskog. Vi viser elles til vedlagt presentasjon og rapporten i det heile.

Innleiingsvis vart det også vist til at Statsforvaltaren (SFMR) no er i ei sonderande fase der hovedformålet med møtet er å motta innspel frå kommunar, regionale etatar og næringsaktørar som grunnlag for vidare arbeid. Statsforvaltaren vil deretter presentere sitt arbeidsutkast til avgrensing av verneområda med ev. sonering og aktuell verneforskrift som grunnlag for vidare drøfting og ikkje minst med tanke på utarbeiding av høyringsdokument og ev. fagrapporatar.

Det vart også presisert at verneforskriftene mest sannsynleg vil få ein spesifisert dispensasjonsheimel for akvakultur som ikkje er i strid med verneformålet i tråd med nylege vedtak om marint vern.

Merknader til Akvaplan-niva sin rapport og innspel til Statsforvaltaren sitt arbeid med marint vern.

Harald Bredahl:

- Stilte spørsmål til at A-n har omtala erosjonsdempande effekt, og viste til at notat frå Havforskningsinstituttet (HI) om det same.

Kommentar SFMR: Bakgrunnen for at det er med i rapporten er ønskje frå møte i desember 2019. SFMR oppfattar A-n si oppsummering til å vere samanfallande med HI sine konklusjonar. *Notat frå HI er lagt ved referatet.*

Ole-Einar Jakobsen:

- Peika på at tradisjonelle fiskeriinteresser ikkje er omtala i A-n sin rapport, og viste elles til at SFMR ved oppstart signaliserte at det ikkje ville bli spesielle restriksjonar på fiske og fangst, med unntak av skjelskraping.
- Avsetting av trålfrie områder må vere i tråd med Rådgivande utval sine tilrådingar, m.a. at det berre gjeld delar av tareskogen og at det må samordnast med område som er/blir stengt



etter andre prosessar. A-n sine to foreslårte område dekker grovt ca. 70 % (omr. 1) og 30 % (omr. 2) av det aktuelle marine verneområdet i Giske. Betydelege delar har vore hausta relativt omfattande dei siste 40-50 åra, særleg området på/ved Giskerevet. Avgjerande at referanseområde har hatt liten eller ingen tråling tidlegare. Stør Erkna og Langholmen som referanseområde, ev. med utvidingar. Innspel frå HI og arbeidet med regionale hausteforskrifter (2019) tilseier at det ikkje er behov for nye generelle referanseområde ut over eksisterande.

- Erosjonsdempande verknad av tareskog er lite relevant tema for arbeidet med marint vern.
- Ev. forbod mot akvakultur inkl. tare i referanseområde talar for å sette av mindre referanseområde enn A-n foreslår.
- Ev. vern må ikkje vere meir omfattande og strengt enn nødvendig. Berekraftig bruk av dei levande marine ressursane med metodar og i et omfang som ikkje er til skade for verneformålet må vere tillatt.

Per Inge Aakvik:

- Ålesund og Giske skal i gang med felles kystsoneplan.
- Arbeidet bør sikre tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag om naturverdiar, marine grunnkart kan vere viktig i så måte.
- Korleis vurderer ein gjødsling ifm. tareoppdrett i områda aktuelle for marint vern?

Kommentar SFMR: SFMR vil vurdere om det er tenleg å vente på marine grunnkart, men hovudtrekka i naturverdiane er kjent. Marine grunnkart kan detaljere og kanskje vere meir presis på sårbare og verdifulle habitat.

Arve Slettvåg:

- Ytre kyst best eigna for tareoppdrett, med naturleg høg tilgang på næringssalt. Fylkeskommunen ser gjødsling som lite aktuelt.

Harald Bredahl:

- Etterspurte grunnlag for verdifastsetting av tareskoglokalitetane.
- Tvilande til kvaliteten på rapporten. Stilte spørsmål ved kvifor A-n vart valgt til oppdraget og ikkje andre leverandørar.
- Viktig med dialog med HI om referanseområde.

Kommentar SFMR: NIVA har vurdert lokalitetane i samsvar med metodikk i DN-handbok 19 Kartlegging av marint biologisk mangfold. Storleik på den enkelte avgrensa lokaliteten er viktigaste faktor i den 3-delte verdivurderinga. Oppdragsanbod gjekk til fire kandidatar, inkl. HI og NIVA. A-n var einaste tilbydar. HI har gitt innspel om referanseområde ved oppstart, og SFMR har også kontakt undervegs.

Harald Bredahl:

- Meiner forsking viser at tarehausting ikkje har negativ effekt på økosystemnivå og enkeltartar ser positiv effekt (krabbe og torsk). Liten prosentdel av totalareal med tareskog blir hausta. Stormfelling og andre prosessar gjer at tareskogen aldri er i stabil klimaks-tilstand. Etterspør grunngjeving for kvifor det er ønskjeleg å verne mot tarehausting utover eksisterande referanseområde. Som eit kompromiss framstår Fdir sine forslag som akseptabelt. Minna om at Dupont Nutrition Norge AS foreslo referanseområde i Rørvikvågen ved oppstart.



Kommentar SFMR: Legg m.a. siste [artikkel frå HI](#) til grunn for vurdering av økosystemeffektar av taretråling. (Vitenskapleg artikkel: [Ecosystem-level effects of large-scale disturbance in kelp forests](#)). SFMR må vurdere eigenverdien av tareøkosystem i klimaksfase utover verdien som forvaltingsretta referanseområde når vi skal ta stilling til om spesielle soner bør haldast fri for inngrep/påverknad.

Petter Marius Synnes:

- Gjødsling er ikkje aktuelt i dag, men kan bli det i samvirke med utslepp frå andre anlegg.
- Vil marint vern innebere strengare vurdering ved utviding og nyetablering, og strengare krav til forundersøkingar ved slike søknader?

Kommentar SFMR: Utsleppssøknader og krav til forundersøkingar blir vurdert ut i frå dei kjente og potensielle naturverdiane som er i området uavhengig av om området er verna eller ikkje, men ved vern får verneverdiane og -formål ei sterkare vektlegging som kan få betydning.

Avslutning:

SMFR vil lage eit arbeidsutkast til avgrensing inkl. ev. sonering og verneforskrifter som vil bli drøfta på liknande vis som no. Kan ikkje seie kor tid det vil bli, men prioriterer arbeidet.